



LEIGEAVTALE

Aktivitetssenter mm. Meland sjukeheim

1. UTLEIGAR

Namn: Alver kommune
Org. nr: 920 290 922
Kontaktperson: Berit Eskeland
E-post: berit.eskeland@alver.kommune.no

2. LEIGETAKAR

Namn: Nasjonalforeningens helselag Meland
Org. nr: 971 566 760
Kontaktperson: Marie Morken
E-post: marie.morken@outlook.com

3. Leigeobjekt og omfang

Leigeavtalen gjeld leige av følgjande lokale på Meland sjukeheim

- Rom 064 fotpleie – Eksklusiv bruk
- Rom 065 hårpleie – Eksklusiv bruk
- Rom 068 lager – Eksklusiv bruk
- Rom 067 eldresenter (no: aktivitetssenter) – Må bookast
 - o Rom 069 toalett - Inkl. i bookinga av aktivitetssenteret
 - o Rom 070 kjøkken - Inkl. i bookinga av aktivitetssenteret

Lokalane er vist på vedlagt teikning der rom som er eksklusive er vist i oransje og romma som må bookast på førehand er vist i gult.

Bruk av aktivitetssenteret må bookast på førehand gjennom Innbyggjarservice tlf 56375000.

4. Leigepris

Leigetakar betalar ikkje vederlag for leige av lokala, jf. vedtak i formannskapet i Meland kommunen 12.05.93.

5. Utstyr og inventar

Helselaget eig alt inventar og utstyr i dei leigde lokala. Helselaget er ansvarleg for vedlikehald og fornying av utstyret for eigen rekning.

6. Kommunen si bruk av lokala

Alver kommune kan disponere aktivitetssenteret med tilhøyrande rom når dei ikkje er i bruk av Helselaget. Kommunen betalar ikkje leige eller noko vederlag for bruk av Helselaget sitt utstyr og inventar.



7. Leige av lokala til andre

Alver kommune kan leige ut Aktivitetssenteret til andre gjennom kommunen sitt bookingsystem. Når kommunen leiger ut skal Helselaget kompenseres for bruk av utstyr og inventar. Fordelinga av leigeinntekter mellom kommunen og Helselaget er 50/50 av den til einkvar tid gjeldande leigeprisen. Alver kommune utbetalar til Helselaget deira andel av leigeinntektene ein gang pr kvartal.

8. Leigetakar sine plikter

Leigetakar skal behandla leigeobjektet/lokalet med tilbørleg aktsemd og er erstatningsansvarleg for all skade som skuldast eige bruk.

Leigetakar skal utan opphald varsle utleigar om alle feil, manglar, eller skader som dei oppdagar under bruk.

Leigetakar er ansvarleg for rydding av lokalet etter bruk. Dette inneberer rydding av boss, setta på plass stoler og vask av overflater på kjøkken. Rydding og vasking utover det som følgjer av dette avsnittet er ikkje leigetakar sitt ansvar.

Leigetakar må følgje Utleigereglement til Alver kommune. Dette er tilgjengelig på kommunen sine nettsider: [utleigereglement.pdf \(alver.kommune.no\)](#)

9. Utleigar sine plikter

Utleigar skal sørge for og koste alt bygningsmessig vedlikehald og utskifting av tekniske innretningar.

Utleigar skal sørge for at leigeobjektet i leigeperioden er i samsvar med dei gjeldande offentligrettslige byggtekniskekrav for eigedommen/leigeobjektet, inkludert branntekniske krav.

Kommunen er ansvarleg for reinhald av lokala. Kommunen dekker kostnader med straum.

10. Forsikring

Kommunen forsikrar bygget.

Helselaget forsikrar inventar og utstyr.

11. Leige- og oppseiingstid

Avtalen gjeld frå 01.01.2022 - 31.12.2026 med opsjon på 5 år. Når opsjonstida er ute kan det forhandlast om ein ny avtale.

12. Endringar

Eventuelle endringar i denne avtalen skal avtalast skriftleg og utgjera eit endringsbilag til avtalen.



ALVER
KOMMUNE

13. Signaturar

Denne avtalen er utskreven i to eksemplar – eit til kvar av partane. ☺

Stad/dato:


Utleigar

Line Merete Valle
Tenesteleiar Egedomsforvaltning
Alver kommune


Leigetakar

Marie Morken
Styreleiar
Nasjonalforeningens Helselag Meland